

For meir informasjon: [www.brygdekinoen.no](http://www.brygdekinoen.no)

Hovden: tysdag 12.03


Kl. 17:30 - Kule Kryp 2

Kl. 19:30 - Ut og stjæle hester

**Bykle:** onsdag 13.03

Kl. 18:00 - Kule Kryp 2

Kl. 20:00 - Ut og stjæle hester



## Middagsfellesskap i Bykle kyrkje våren 2019

Me inviterer til middag i kyrkjekjellaren fylgjande dagar:

- Tysdag 5.3 Suppe og pannekaker
- Tysdag 2.4

Middag frå kl 16:30. Pris kr 50,- for vaksne, born u/10 år gratis.

Velkommen!

Arr: Diakontenesta i Bykle

## Møte i kyrkjekjellaren

Møte i Bykle kyrkje, kyrkjekjellaren, onsdag 20.februar kl.19.

Tale av Hans Johan Sagrusten (video-overføring)

Hjarteleg velkommen!

Arr: NLM

## Blueskveld—Skafsåhei fjellkyrkje

Reverend Jon alias Jon Ultvedt—eit variert program med blues, gospel og Åge Samuelsensongar.

Laurdag 23. mars kl. 19.00. Billettpris 150 kr.

Arr: Fjellkyrkjelaget

## Klippen Bykle

Møte med Hans Erik Haldorsen:

- 24.mars klokka 16.00
- 7.april klokka 16.00
- 12.mai klokka 16.00

Tale, song, musikk og kaffi.

Arr: Klippen pinsemenighet

## Gudstenester og møte



Facebook: Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad  
[www.valle.kyrkja.no](http://www.valle.kyrkja.no) / [www.brykje.kyrkja.no](http://www.brykje.kyrkja.no)

Sundag 3. mars kl. 16.00: Gudsteneste i Fjellgardane kyrkje v/ Kristina Grundetjønn

Sundag 10. mars kl. 10.00: Gudsteneste i Bykle kyrkje v/Tom Martin Berntsen. Kyrkjelydens årsmøte etter gudstenesta.

Sundag 24. mars kl. 11.00: Gudstjeneste kl. 11.00 (Merk tidspunkt) i forbindelse med Byklekonferansen v/Ungdomsprest Ørjan Kronheim. Byklekonferansen er ein møteplass for ungdom fra Agder og Telemark bispedømme.



DEN NORSKE KYRKJA  
Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

## Møte i kyrkjekjellaren

Guds rike tema 3 og 4 . Talar Inge Flaat. 13/14.mars kl. 19:30.

Arr: Normisjon

## Prostdiakon - Per Emanuelsen

Per Emanuelsen er tilbake som prostidiakonvikar i Valle og Bykle. Han jobbar i 30 % stilling, i første omgang fram til 1.juli. Han er i Bykle/Valle i partalsveker, fortrinnsvis tysdag og onsdag. Prostdiakonen har fokus på einsemd, rus, psykisk helse, relasjonskonflikter og sorg. Per er tilgjengeleg for samtale for dei som måtte ønske det, og prøver også starte opp ei sorg/samtalegruppe.

Ta kontakt med Per Emanuelsen på 977 19 173.

## Gospel konsert

Bykle kyrkje, mandag 4. mars kl 19.00.

Black gospel med Elsa Harris frå Chicago og Angela Prim frå Nashville. Lokalt prosjektkor er også med.

Billett:

kr 150,- for vaksne,  
kr 50,- for ungdom over 12 år.

Konserten er sponsa av Bykle sokneråd

Billettsalg ved inngangen . vippa eller kontant

Førehandstinging av billettar: [sieiskeli@gmail.com](mailto:sieiskeli@gmail.com)



## Klovnen Knut tilbake til Hovden!

Klovnen Knut kjem til grendehuset på Hovden med forestillinga «Leketøys»! Klovnens Knut skal sitte barnevakt for verdas suraste baby og alt går ikkje etter planen. Dette er moro for både barn og vaksne. Målgruppa er 3 – 10 år og vaksne. Varer 45 min.

Hovden grendehus tysdag 19. mars kl. 17.00. Billett 80 kr, familiebillett 200 kr. Førehåndssal ebillett.no

Arrangør: Kultur & fritid.




# Byklaren

eit informasjonsblad frå Bykle kommune



Mars 2019 | 30. ÅRGANG | OPPLAG 900



## Kulturkafé

### Debattkafé

Onsdag 6. mars, stiller dei politiske partia i Bykle i debatt-panel. Vi er glade for å ha fått Bjørgulf Sverdrup Lund til å leie debatten. Han har vore ordførar i Valle og fylkesordførar i Aust-Agder – så det er ingenting å seie på den politiske erfaringa hans.

Vi håper ungdomsrådet stiller med spørsmål, ettersom barn- og ungdom vil vere hovedfokus. Kanskje blir politikarane utfordra ift. framtidsutsikter for ungdom i kommunen vår? Miljø, teknologi, tilbod til ungdom? Eller, kanskje overraskar dei med heilt andre ting?

Servering blir det også, sjå meir info på [www.brykje.kommune.no](http://www.brykje.kommune.no), facebook eller plakatar.

Velkommen!  
Arr: Kultur & fritid



## ORDFØRAREN INFORMERER

Denne gonga vil eg informere litt om eit viktig samarbeid i Setesdal som mange har hørt om, men som kanskje ikkje er så kjent likevel. Setesdal regionråd er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle. Kommunane i Setesdal har ein lang historie, ja, eg vil seie tradisjon i å samarbeide tett. Vi har på fleire område eit skjebnefellesskap, det som gagnar ein av oss gagnar også dei andre.

Det overordna målet i regionen er at det skal vere godt å bu og drive verksemد i Setesdal. Det er tre område regionrådet har hovedfokus på: infrastruktur, interkommunalt samarbeid og næringsutvikling.

Kvar kommune bidreg med 1,3 millionar kr. i året til dette arbeidet, men budsjettet til regionrådet er mykje høgare. Eit slikt samarbeid gjer det nemleg mogleg å få pengar frå andre budsjett til felles tiltak for dalen. Her må eg spesielt nemne Aust-Agder fylkeskommune som bidreg med 4 millionar kr. kvart år.

Normalt sit det to politiske representantar frå kvar kommune i regionrådet. Akkurat no er vi tre frå kvar kommune for å få ein betre kjønnsrepresentasjon.

Setesdalskommunane har det vi kan kalle typiske distriktsutfordringar. Stikkord er aukande sentralisering, folketalsutvikling og svak næringssatsing. Vi ser også ei strukturendring i Setesdal der Evje og Hornnes har ei relativt god utvikling innan detaljhandel, medan Hovden veks innan reiseliv. Mellom Hovden og Evje sentrum er utfordringane store; folketalet går ned, ungdommen flyttar ut og det er svak næringsspekst.

Å løyse utfordringane og demme opp for ei negativ utvikling er hovedoppgåva til regionrådet. Samfunnssendringane går fort og ofte er konsekvensane dramatiske. Vi treng ofte hjelp frå dei andre

Setesdalskommunane for å stå sterke i kampen for å utvikle kommunen. Eit godt døme er RV9.

Utan ein felles politisk strategi for å få bygd ut vegen, hadde ikkje nye parsellar blitt bygd. Det same kan ein seie om vidaregåande skular. Vi står saman om å behalde og vidareutvikle tre skuleavdelingar i Setesdal.

Setesdal regionråd er umåteleg viktig i arbeidet med å få fokus på saker som gjeld heile dalen. Vi er litt som dei tre musketerane, «ein for alle, alle for ein»!





# Informasjon frå Bykle kommune

[www.bykle.kommune.no](http://www.bykle.kommune.no)

## Byklaren

Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjoner. Kommersielle hendingar i kommunen kan få ei redaksjonell omtale.

### Byklaren kjem ut som fylgjer i 2019:

**april** (frist 15. mars), **mai** (frist 15. april), **juni** (frist 15. mai), **juli/august** (frist 15. juni), **september** (frist 15.08), **oktober** (frist 15.09), **november** (frist 15.10) og **desember** (frist 15.11)

Send tekst og bilete til: [byklaren@bykle.kommune.no](mailto:byklaren@bykle.kommune.no)

## Politiske møte, sakspapir og protokollar

[www.bykle.kommune.no/linsyn](http://www.bykle.kommune.no/linsyn)

**Planutvalet:** 11.3 kl. 18:00

**Formannskapet:** 13.3 kl. 18:00

**Kommunestyret:** 28.3 kl. 18:00

**Hør opptak frå Bykle sine kommunestyremøter.**

## «Shadow» i mars:

### Jr-klubb (5. – 7. trinn):

6.3 - Hovden, kl. 17.30-20.00.  
20.3- Bykle, kl. 17.30-20.00.

### Klubb (13 – 18 år):

8.3 - Hovden, kl. 19.00-22.00.  
22.3- Bykle, kl. 19.00-22.00.

**UKM** i Valle 2. mars. Lokalmønstring. Kunst, musikk og dans frå mange å våre unge talenter.

## Innføring av meiropent bibliotek i Bykle

Biblioteket i Bykle skal i løpet av året gjerast om til å bli eit såkalla meiropent bibliotek. Det vil sei at personar over 16 år skal kunne lage ei avtale for å kunne bruke biblioteket utover vanleg opningstid.

Ein veit ikkje enno når det vil vere ferdigstilt pga. ein del jobb som må gjerast i forkant. Det som er klart no, er ein sjølvbetjeningsautomat. Denne kan du gjerne ta i bruk alt no. Det du treng er lånekort og ein PIN-kode. Veit du ikkje kor lånekortet ditt er? Eller veit du ikkje om du har PIN-kode?

Ta kontakt med biblioteket.

**Bykle:** 37 93 86 94 - **Hovden:** 37 93 86 90  
[biblioteket@bykle.kommune.no](mailto:biblioteket@bykle.kommune.no)



Sarvsvegen 14, 4754 Bykle  
Mån - fre: 08:00 - 15:30

T: 37 93 85 00  
E: [postmottak@bykle.kommune.no](mailto:postmottak@bykle.kommune.no)

## Kafétreff

Bykle hotell torsdag 28/3, 25/4, 23/5, 27/6  
Frå kl 11.30 til 15.00. Middag/dessert & kaffi kostar 145 kr.  
Påmelding til Bente på tlf 37938655, før kl 15. dagen før .

## Bykle Frivilligsentral

### Måndagar:

«Kafé for Alle» kl. 11-14, Sarvsvegen 12  
Snikkgruppe i frå kl. 13 i Mosdølsvegen 14  
Ungdomskafé 17-20.30 på ungdomsklubben i Bykle

### Tysdagar:

«Gågruppe for alle» i Bykle, oppmøte utfor Bykle Frivilligsentral, Sarvsvegen 12, kl. 18-19

### Onsdagar:

Strikkegruppe i Trydal Grendehus, kl. 19-21

### Torsdagar:

Ungdomskafé kl. 17-20.30 på ungdomsklubben i Bykle

For meir informasjon sjå [www.bykle.frivilligsentral.no](http://www.bykle.frivilligsentral.no) og Facebook Bykle Frivilligsentral.

Kontaktperson er Harald von Krogh Alfstad, tlf 917 18 300

## Interessert i å friske opp engelsken din?

Da er dette kurset for deg. Kurset byggjer på basiskunnskapen din. Kursstart torsdag 7. mars kl. 17.00 – 20.00 i lokala til vaksenoplæringa i Bykle, totalt 7 kurskveldar.

Kurspris: 2100 kr + lærebok.

Påmelding på: [www.folkeuniversitetet.no](http://www.folkeuniversitetet.no)

Kontakt kulturrådgjevar Leif Kvinlog for meir informasjon, tlf. 909 84833.

## Bustadtomter

Vi har for tida desse ledige kommunale bustadtomtene i Bykle kommune. Det er ikkje søknadsfrist på tomtene. Tomtene vert tildelt etter kvart som søknadane kjem inn.

Bustadfelt	Stad	Tomtenummer:
Stussli 2	Hovden	Nr. 78
Austmannlii	Hovden	Nr. 22
Røyrvikåsen	Hovden	Nr.25 (leilighetstomt)
Tussefjødd	Bykle	Nr. 1 -6 og 10-14
Hartesyni	Hovden	Nr. 12, 16, 33, 41 (Tuftevegen), 49 og 54

Sjå [www.bykle.kommune.no](http://www.bykle.kommune.no) for meir informasjon.



## Tømekalender

Restavfall: 13.3

Matavfall: 13.3, 27.3

Glas/metall, papir og plast: 27.3

Gjenvinningsstasjonen på Tykkås har ope:

- Kvar torsdag: 12:30 - 18:30.
- Den 1. laurdagen i kvar månad frå kl. 09:00 til 15:00.

Kontaktinfo: Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS.

T: 37930040 [post@smg-iks.no](mailto:post@smg-iks.no) Sjå [www.smg-iks.no](http://www.smg-iks.no)

## Tannlegar

Bykle tannklinik - 37938617, Bykle helsecenter.

Klinikken er open: Kl. 08:00 - 15:15

Oddetalsveker: tysdag, onsdag, torsdag, fredag.

Partallsveker: tysdag, onsdag.

Vi har ledig kapasitet og tek gjerne imot nye pasientar!

Hovden Tannklinik, Hovdetun - Ring 37885588 for time.



## Språkkafé

Biblioteket Hovden grendehus tysdag 26/3 kl. 18-19. Velkommen til deg som treng øve på å snakke norsk OG til deg som vil bli kjent med nye folk.



Den nye sjukheimsavdelinga i Bykle. Illustrasjon frå Svensson Arkitekter AS.

## Sjukeheimen i Bykle

Området ved sjukeheimen i Bykle har i fleire månader vore prega av byggjeaktivitet. Det omfattande byggjeprosjektet inneber både ombygging av eksisterande bygningsmasse og ein heilt ny sjukheimsavdeling. Første del av prosjektet, med nybygg og ombygging av den gamle sjukheimsavdelinga, starta opp våren 2018. Tenesteleiar for pleie- og hjelpetenesta, Vidar Johnsen, er godt nögd så langt. *Arbeidet ligg om lag ein månad før skjema, og planen er at det blir flytta inn i den nye sjukeheimen i tida mellom 7. mai og 17. juni,*



seier han.

På baksida av nybygget kjem det eit tilrettelagt uteområde, ein såkalla sansehage, for dei som bur på sjukeheimen. *Dette blir eit fantastisk uteområde for bebruarane på sjukeheimen. Det kjem med anna grillbu, gangvegar, blomebed og urtebed,* seier Vidar Johnsen.



Etter at den nye sjukeheimen er i drift startar byggjetrinn 2, med ombygging av mellombygget og den gamle aldersheimen. I denne delen av bygget kjem det nye omsorgsbustader, nytt dagsenter, nytt kjøkken og kontor til administrasjonen og psykisk helse- og rustenesta.

*Kjøkkenet og dagsenteret på sjukeheimen vil ikkje vere i drift under byggjetrinn 2. Det kjem nærmare informasjon om drifta av dagsenteret i denne perioden, avsluttar tenesteleiaren.*



Her kjem det eit flott uteområde for beubarane, seier Vidar Johnsen.

## Åpent atelier - Grete Swahn

Laurdag 9 mars kl. 11:00- 15:00

Sundag 10 mars kl. 12.00- 15:00

Sarvsnetten 31, Bykle industri og næringsområde



## Damer 50 + - aktivitet på grendehuset

Er du 50 + og interessert i litt aktivitet? Vi har reservert møsjonsrommet på Hovden grendehus **kvar onsdag kl. 11-12.** Sabine gir gjerne ei innføring ift. øvelsar. Dette er eit privat initiativ som vi gjerne støttar opp om! For meir info, kontakt Sabine på grendehuset (resepsjon).

Hovden grendehus 37 93 86 93

## Strikkekafé

Kvar tysdag kl. 19 i Husflidsgarasjen (bak Little Thai).  
Velkommen!

Arr: Fjellgardane husflidslag

